

BKK Produksjon AS
Postboks 7050

5020 BERGEN

Voss Energi AS
Pb 205, 5702 Voss
T 56 52 83 00
F 56 52 83 20
firmapost@vossenergi.no
kundemottak@vossenergi.no
www.vossenergi.no

NO 984 665 776
B.giro 3480 11.27128

✓ DYKKAR REF.
Ingvill Stenseth

VÅR REF.
507/SÅØ

DATO
28.03.2012

NETTILKNYTING MUGGÅSELVA OG TVERRELVA KRAFTVERK

Vi syner til Dykkar brev datert 17.10.2011 og til møte hjå Voss Energi 12.03.2012.

Frå BKK Produksjon møtte Kåre Edvin Eikemo og Magne Tøn som orienterte oss om planane for utbygging av Tverrelva Kraftverk og Muggåselva Kraftverk.

Det vert no søkt konsesjon for alt. B, tilleggsoverføring til Evanger kraftverk (Tverrelva 10,3MW – Muggåselva 2,6MW) og alt. D, ingen tilleggsoverføring til Evanger Kraftverk (Tverrelva 18,5MW – Muggåselva 3,6MW).

Voss Energi (VE) Høgaberg er i dag ein rein koblingsstasjon. Pga. av at det er begrensning i overføringslinje mellom VE Høgaberg og BKK Høgaberg, samt begrensning i eksisterande 3-viklingstransformator hjå BKK Høgaberg, må ny kraftproduksjon frå Tverrelva og Muggåselva Kraftverk førast fram direkte til ny transformator hjå BKK Høgaberg.

Før Tverrelva og Muggåselva Kraftverk får koma på nett med ny produksjon, må BKK Nett vera klar med ny transformator. BKK har fått konsesjon på denne og VE har fått opplyst at den vil vera på plass i løpet av 2014.

Det må planleggjast og byggjast ny eiga produksjonslinje frå kraftverka og fram til transformatorstasjonen på Evanger (BKK Høgaberg). Voss Energi har i dag ei 22kV-distribusjonslinje på del av denne strekninga, bygd i 1931 på betongmaster. Denne er bygd for 2 trådsett.

VE vil sjå på om det er muleg å kunne rehabilitere eksisterande betonglinje i same trase, med nye tremaster og med 2 trådesett, dvs. det øverste trådsettet vert produksjonslinje og det underliggande distribusjonslinje. Begge med spenning 22kV og eigd og drifta av VE. Frå Skorve og fram til BKK Høgaberg, må det byggjast ny eiga produksjonslinje i ny trase. Hjå BKK Høgaberg vil tilkobling utløysa behov for eige 22kV brytarfelt.


Frå kraftverka og fram til tilkoblingspunkt (TP)/grensesnitt for tilkobling, skal utbyggjar stå som eigar av denne produksjonslinja/kabelen. Voss Energi kan tilby seg å stå som driftsansvarleg for denne anleggsdelen. Detaljar vert å koma attende til under planlegging.

Voss Energi vil få til eit møte med utbyggjar av Vassvøre Kraftverk (Vossadalselvi og Merkesgrovi) der me vil leggja fram desse planane og sjå på om det kan vera mulege synergjar i å kobla saman begge produksjonslinjene ved Skorve og få ei felles produksjonslinje frå Skorve og fram til BKK Høgaberg.

Vedrørende storleiken på eit anleggsbidrag på oppgradering/fornyning av eksisterande betonglinje, vil VE be Jøsok Prosjekt om å utarbeida eit kostnadsestimat. Når det gjeld anleggsbidrag i nødvendig ny transformator på Evanger, har VE frå BKK Nett munnleg fått antyda dette til om lag 1.mill. pr. MW. Kostnaden i nytt brytarfelt hjå BKK kan vi grovt antyda til omlag 0,5 mill.

Med helsing

VOSS ENERGI AS



Stein-Åge Øren
Sakshandsamar



Tor Bakketun
nettsjef

Stein-Åge Øren, tlf. 56 52 83 42/952 00 882

Tor Bakketun, tlf. 56 52 83 14/414 20 549

Kopi:

Kåre Edvin Eikemo, BKK Produksjon AS, 5020 BERGEN

Magne Tøn, BKK Produksjon AS, 5020 BERGEN

Erik Skorve, BKK Produksjon AS, 5020 BERGEN

